



Tom Andre Svindal
Flatøyvegen 200
5918 FREKHAUG

Off. lova og
Forvaltningslova
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2758 - 19/21239

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

12.11.2019

Ilegging av tvangsmulkt - GBNR 1/59

Me viser til førehandsvarsel om pålegg om retting og og ilegging av tvangsmulkt datert 06.02.2019 og vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt datert 08.04.2019.

I førehandsvarselet av 06.02.2019 vart du varsla om at tilhøve måtte bli retta innan **09.03.2019**, og at frist for uttale vart sett til same dato. Kommunen oppmoda deg og til å nytte denne uttaleretten.

I vedtaket datert 08.04.2019 gav Meland kommune pålegg om at serviceavtalen med Biovac AS måtte setjast i drift igjen innan **09.05.2019**, og at kommunen måtte frå skriftleg tilbakemelding om at dette var gjort.

Kommunen har ikkje motteke dokumentasjon på at skyldig serviceavtale er betalt og at serviceavtalen med Biovac AS er satt i drift igjen.

Den 24.05.2019 hadde me kontakt med deg på mobil nr. 4139 4954, og du informerte då om at bustaden skulle selgjast i nær framtid. Me avtalte at me skulle ha kontakt igjen i slutten av juni månad, og du fekk utsatt frist med å ordne opp i tilhøve til **30.06.2019**, jf. brev av 27.05.2019. Denne fristen blei forskyvd til den **15.07.2019** fordi det første brevet om fristutsetting kom i retur til kommunen, jf. brev av 11.06.2019. Det har ikkje lukkast oss å oppnå kontakt med deg etter den 24.05.2019. Siste forsøk var ein sms den 08.10.2019, med oppmoding om å ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5617 1449. Det har ikkje vore respons på denne oppmodinga.

Om ilegging av tvangsmulkt, skreiv Meland kommune følgjande i vedtaket datert 08.04.2019.

«Dersom serviceavtalen med Biovac AS ikkje er satt i drift igjen innan fristen, vil det bli ilagt tvangsmulkt på **kr. 25 000,00**, jfr. forureiningslova § 73. Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangfullbyrdelseslova § 7-2 bokstav d, og tvangsmulka kan inndrivast utan opphald av Statens Innkrevingsssental (SI)».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune har ikkje motteke dokumentasjon frå deg, som tilseier at det ulovlege tilhøve er ordna opp i, før fristen gjekk ut den **15.07.2019**. På bakgrunn av dette ilegges deg ei tvangsmulkt stor **kr. 25 000,00**, jf. forureiningslova § 73 første til tredje ledd første setning.

«For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

Tvangsmulkt kan fastsettes når overtredelse av loven eller vedtak i medhold av loven er oppdaget. Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som forurensningsmyndigheten har fastsatt. Tvangsmulkt kan også fastsettes på forhånd og løper da fra eventuell overtredelse tar til. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, eller at det forfaller for hver overtredelse. Tvangsmulkt fastsettes som løpende mulkt eller engangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forholdet varer, eller at det forfaller for hver overtredelse.

Tvangsmulkt ilegges den ansvarlige for overtredelsen.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Biovac Environmental Technology
AS

Farexvegen 19

2016

FROGNER

Mottakere:

Tom Andre Svindal

Flatøyvegen 200 5918

FREKHAUG